

# Dei første brikkene på plass

## I helga byrja dei første øvingane for alle dei hundre aktørane i Bømlo Musikal Laug si oppsetjing av Chess. Og fram- syningane er allereie utselde.

[ Publisert: 11.07.06 kl. 07:30 ]

Ein kan ikkje anna enn å bli riven med av den gode stemninga når ein kjem inn i Moster Amfi. Unge gitar og jenter kjem syngjande og dansande bortover. Rundt i trappene i amfiet sit nokre og øver for å få tida til å gå, somme les i ei bok og andre snakkar med både nye og gamle kjende. Folk ler og kosar seg.

Og dei har grunn til å smila. I løpet av sommaren kjem over 14000 til å sjå dei dansa og syngja i musikalen Chess.

- Moster er blitt hundre personar rikare denne sommaren fortel Linda Hellen, som er personalansvarleg for deltakarane på "Chess". Mange kjem langvegs frå og er blitt innkvartert på Moster skule, i husvære, eller bur i lag i kollektiv i gamle hus. Musikallaug et har kjøpt inn nye madrassar slik at alle har ein plass å sova. Eit ungt ensemble er blitt plukka ut gjennom song- og danseaudition.

- Det er ein av vedtektene til Bømlo Musikal Laug at det skal vera for unge. Dei fleste er frå Sunnhordlandsdistriktet, men det er mange frå blant anna Haugesund, Bergen og Stavanger.



Heine Totland frå Bømlo spelar den amerikanske sjakkspelaren Freddy. Lisa Stokke frå Tromsø spelar Florence. Ho er kjent frå mellom anna London-oppsetjinga av "Mamma Mia".



### Leva opp til forventningane

Det er første øvingshelga der alle er samla. Hovudroller og statistar. Det er famling med replikkar og songtekstar, og ingen har heilt oversikta over kvar dei skal vera til ei kvar tid. Og midt oppi alt dette er produktet dei skal laga allereie ein publikumssuksess. Før dei har fått prøvd kostyma sine er alle førestellingane/framsyningane så godt som utselde.

Linda Hellen trur at ein av grunnane til den valdsame interessa kan vera at dei flyt på ei bølge etter Les Miserable-oppsetjingane.

- Publikum har hatt ei flott oppleving i amfiet og vil vera med på noko liknande igjen. Men påverkar det ikkje arbeidsprosessen?

- Det gjer at me kan senka skuldrene litt når det kjem til det økonomiske, men no må me berre ha fokus på å levera til dei 14000 som har forventningar til oss, seier ho.

Regissør Birgit Amalie Nilsen seier ho får litt prestasjonsangst av det.

- Me må berre jobba hardt for å innfri forventningane.

Det er første gongen stykket blir framført i Noreg. Tidlegare har det berre vore i konsertversjon.

- Chess er meir show enn Les Miserable. Musikalen blir mykje meir driven av musikken. Men dei to handlar mykje om det same. Det er eit klassisk kjærleiks-drama.



Det går mange timar med til korøving for aktørane, for i ein musikal skal det jo syngjast.



Ute i det flotte amfiet er dei komne langt med utforminga av scena. Ei gruppe samansett av arkitekt Bjørn Feltens, regissør Birgit Amalie Nilssen og teknisk sjef Finn Bakke har saman komme fram til ei løysing. Musikalen vil gå føre seg eit på stillas med opphøgingar og ulike plata og nivå. Dei som har jobba med den har allereie stått på i eit par veker for å unngå spikring og hamring medan skodespelarane skal øva.

I kostymeavdelinga står ting litt på hovudet. - Me har ikkje alt klart enno. Viss nokon har lyst til å hjelpa til med å sy må dei berre melda seg, seier Janne Robberstad, ansvarleg for kostymedesign. - Men me skal bli klare til premieren. Robberstad vil ikkje røpa så mykje av korleis ho har tenkt at kostyma skal sjå ut. - Eg prøver å ikkje tenkja så mykje at det går føre seg på 80-talet. Eg vil at kostyma skal syna litt av psykologien i stykket, og spegla tanken bak historia. Til å hjelpa henne å sy har ho elevar frå Olavskulen på Bømlo, somme av dei er headhunta til jobben, andre hadde berre veldig lyst å vera med.



Susanne Fossum Hetty er frå Larvik, men har gått på Olavskulen på Bømlo det siste året. Ho blei headhunta som syerske til musikalen.



### Går tilbake i tida

Også i år har Bømlo Musikal Laug skaffa seg både kjende og dyktige artistar på rollelista. Bømlingane Sigurd Sele og Heine Totland spelar store roller i lag med Espen Hana, Ståle Ytterli og Elisabeth Moberg. Rein Alexander og Lisa Stokke har hovudrollene i stykket. Elisabeth Moberg er mest kjend for dei fleste som ein komisk figur som del av bergenstrioen "Kvinner på Randen". No pendlar ho mellom ei filminnspeling i Oslo og musikalspeling på Moster, der ho har rolla som Svetlana. Kona som blir sviken av mannen sin, sjakkspelar Anatoly, spela av Rein Alexander. Stykket handlar om vm i sjakk, der det utviklar seg eit trekantdrama mellom nokre av deltakarane. Musikken i stykket er komponert av ABBA-medlemmane Bjørn Ulvaeus og Benny Andersson. Teksten er det Tim Rice som står for.

- Det er rart å gå tilbake i tida på denne måten, fortel Moberg om stykket, der handlinga er lagt til den kalde krigen. Med spenningane mellom aust og vest.

- Eg var ganske ung då muren fall, noko som gjorde eit inntrykk på meg då, og eg kjenner eit gufs frå fortida i stykket. Å spela på utescene synest ho blir spanande. - Det blir vel kulde, varme, mygg og regn, ler ho.



Elisabeth Moberg spelar Svetlana i "Chess". Ho er kjend for dei fleste frå "Kvinner på Randen".



Aktørane blir bedne om å smila og le. Dei øver for første gong ute i amfiet, på ein scene i stykket der dei er gjester i eit cocktailparty, og regnet høljær ned over Moster. Men dei smiler og gjer det dei blir fortald med stor entusiasme. Med regnjakkene godt kneppa igjen, og sydvesten godt knytt.

- Me driv med ekstrem sport, fortel Linda Hellen. - Og det hadde ikkje gått opp utan ein sånn gjeng. Dei har lange dagar, men me høyrer ikkje mykje klaging. Korleis kan dei klaga? Det må jo vera ein perfekt sommarjobb.



Artistar og statistar møtest til øving i Moster Amfi under leiing av regissør Birgitt Amalie Nilssen (med orange jakke nede til venstre.) Den flotte scenografien er bygd i høve oppsetjinga. Du skal ikkje ha mykje høgdeskrekk skal du springa opp og ned i desse stilasa i sommar.

